



Arbeidet med ny bru på Solheim i Hyen er godt i gang. Jan Nik. Hansen

Vil vurdere om det kan søkjast ekstramidlar til vegprosjekt i Hyen

Vestland fylkeskommune har svart på ønsket frå Gloppen kommune om å justere eit planlagt utbetringstiltak på fylkesveg 615.

Benedikte Grov
JOURNALIST

PUBLISERT 08.10.2025 - 07:35 SIST OPPDATERT 08.10.2025 - 09:07

Gloppen kommune har oppmoda Vestland fylkeskommune om å justere eit planlagt utbetringstiltak på fv. 615, der det blir arbeidd med ny Solheim bru og ei tilhøyrande vegutbetring. Kommunen meiner den planlagde breidda på køyrebana vil gå dårleg saman med ei tidlegare utbetring gjort lenger sørvest på strekninga, og føre til ein flaskehals.

I svaret til Gloppen kommune seier Vestland fylkeskommune seg samd i at det er uheldig å la eit smalt vegstykke stå att mellom den nye brua på Solheim og strekninga som vart utbetra for nokre år sidan.

- Sjølv om det er snakk om eit relativt kort strekke, er det per i dag ikkje tilgjengelege midlar i bruprojektet. I utgangspunktet er det berre løyvd midlar til utskifting av dei to gamle bruene, samt heilt nødvendig utbetring av vegarealet som grensar til bruene, skriv fylkeskommunen.

Med stort vedlikehaldsbehov og knappe budsjett, viser fylkeskommunen til at ein ikkje kan gjennomføre alle ønskje tiltak. Fylkeskommunen vil likevel skaffe seg ei oversikt over omfanget og kostnadane for ei utbetring av vegen sørvestover.

- Med bakgrunn i dette anslaget vil vi vurdere om det er mogleg å søkje om ekstra midlar for å utvide bruprojektet, heiter det frå Vestland fylkeskommune.